

# REGLAR FOR BRUKARBETALING VED UMLEIGE AV KYRKJER I TOKKE KOMMUNE

## *UTLEIGE TIL MØTER, KONSERTAR O.L.*

1. Ved utleige av kyrkja til møter, konsertar o.l. gjeld følgjande satsar:
  - a. Grunnleige er sett til **kr. 500**. (Dette skal dekkje oppvarming og reinhald.) Ved eventuell bruk av kyrkjetenar betalast eit tillegg på **kr. 750**, og med tillegg for overtid i.h.t. Hovudtariffavtala og AML.
  - b. Har arrangøren inntekter av billettsal, betalast i tillegg **10% av brutto inngangspengar**.
  - c. Når soknerådet står som arrangør, betalast det ikkje leige.
2. Ved utleige av kyrkja til oppbyggjelege møte er leiga sett til **kr. 300** for oppvarming og reinhald. Ved eventuell bruk av kyrkjetenar betalast eit tillegg på **kr. 500**.

## *UTLEIGE TIL VIGSEL*

1. Vigsler i kyrkjene kan berre skje etter samtykkje av soknepresten.
2. Vigsler der ein eller begge bur i eller har vore busett (folkeregisterført) i kommunen og er medlemmar av Den norske kyrkja, er å rekne som ein del av kyrkjelyden sitt arbeid, og det vert difor ikkje kravd avgift.
3. Vigsler der korkje brura eller brudgommen bur i kommunen eller har vore busett (folkeregisterført) i kommunen eller der ingen av dei er medlemmar av Den norske kyrkja eller det skjer i regi av andre kyrkjefellesskap, skal det betalast følgjande prisar for leige:
  - a. Grunnleige på **kr. 3.000**. (Dette skal dekkje oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar).
  - b. I tillegg kjem **kr. 2.000** ved bruk av organist tilsett i kyrkja.

## *AVGIFTER VED GRAVFERD*

1. For personar busett (folkeregisterført) i kommunen eller som har vore busett og som er medlem av Den norske kyrkja, vert det ikkje kravd inn noko avgift for gravferdsseremonien.
2. Gravferd der avdøde ikkje var busett i kommunen eller har vore busett (folkeregisterført) i kommunen, eller der vedkomande ikkje var medlem av Den norske kyrkja, skal det betalast følgjande prisar for gravferdsseremonien:
  - a. Grunnleige på **kr. 1.500**.  
(Dette skal dekkje oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar).
  - b. I tillegg kjem **kr. 1.000** ved bruk av organist tilsett i kyrkja.

## **EVALUERING/JUSTERING AV SATSAR**

Dette reglementet vert evaluert og satsar justert kvart år den 1/1, slik at utleigesatsane er i samsvar med konsumprisindeksen og timesatsane er i samsvar med lønsjusteringar. Endringane vert sendt bispedømmerådet til orientering.

## **INNFØRING AV REGLEMENTET**

**Reglane for utleige av kyrkjene i Tokke prestegjeld gjeld frå 11.03.2005.**

**Vedteke av Tokke kyrkjelege fellesråd 16.12.2004, sak nr 017/04.**

**Godkjent av Agder Bispedømmeråd 11.03.2005.**